



Fyresdal kommune
Sektor for kultur og oppvekst

**PROGRESJONSPLAN FOR FAGOMRÅDA I
FYRESDAL BARNEHAGE 2017-2018**

Vedlegg til årsplanen.

August 2017

Progresjonsplan for fagområdene i Rammeplanen

I tillegg til årsplanen skal barnehagen utarbeide ein progresjonsplan. Med progresjon meiner vi framskritt. Det er store individuelle forskjellar på når barn når milepælar og når dei er klare for ny læring og nye utfordringar.

I vår progresjonsplan har vi teke utgangspunkt i rammeplanen sine 7 fagområder og laga ein skjematisk oversikt over kva barna i Fyresdal barnehage skal få kjennskap til å erfare gjennom åra dei går her.

Progresjonsplanen er eit levande dokument og dannar grunnlaget for arbeidet i barnehagen vår. Den vil bli evaluert og redigert årlig.

Fleire av punkta i progresjonsplanen er flytande, det vil seie at alle alderstrinn er innom mange av dei same punkta i forskjellig grad.

Arbeidet med smart og dei ulike ferdigheitane vil vere naturleg i dette arbeidet.

Nærmiljø og samfunn

Barns medverknad i det indre liv i barnehagen kan vere fyrste skritt for å få innsikt og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utenfor familien med tillit og nysgjerrigheit.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Bli kjend og bli trygge i barnehagen. Skape gode relasjonar til barn og vaksne• Namne songar• Bli kjend med personalet og andre sine foreldre• Gå på tur i nærmiljøet• Markere FN-dagen• Markere 17. mai	<ul style="list-style-type: none">• Alders grupper på tvers av avdelingane• Bli kjend med og utforske området rundt barnehagen• Utvikle samholdet og gruppefølelsen• Utvikle gode vennskap• Markere FN- dagen• Markere 17.mai• Fokus på barns medverknad gjennom samtaler og planlegging, gjev barn innsikt og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeid meg Gimle skule• Skape gode relasjonar og tryggleik til skule start (eigen plan)• trafikk opplæring• Markere FN-dagen• Markere 17. mai• Barn blir gjort ansvarlege for val dei tek og får erfare at det dei gjer påverker dei sjølv og andre• Barn får erfare at begge kjønn får varierte utfordringar og like mykje oppmerksomheit

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måtar å oppfatte verda og menneska på og pregar verdiar og haldningar. Religion og livssyn legger grunnlaget for etiske normer. Respekt for menneskeverd og natur, nestekjærleik, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i mange religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitane. I dette arbeidet vil ein også nytte samarbeid med kyrkja.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Undre oss saman med barn• Empati- vere gode mot kvarandre• Vise omsorg for kvarandre• Enkel markering av høgtider• Vi lærer barn kva som er rett og galt i forskjellige situasjonar	<ul style="list-style-type: none">• Vaksne som er gode, trygge rollemodellar som støttar når det oppstår konflikhtar• Vise respekt og toleranse for kvarandre• Vi markerer og feirer de forskjellige høgtidene basert på barnas kulturelle bakgrunn• Vi stiller opne og undrande spørsmål til barna	<ul style="list-style-type: none">• Barna utviklar forståing over egne handlingar• Vise respekt for kvarandre• Vi møter barns tru, spørsmål og undring• Vi legg opp til filosoferande samtaler og undrar oss over eksistensielle spørsmål

Kommunikasjon, språk og tekst

Tidlig og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagens innhald. Kommunikasjon består av å ta imot og tolke eit budskap, og å sjølv vere avsendar av eit budskap. Både den nonverbale og den verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt muntlig språk.

1-2 år	3- 4 år	5- 6 år
<ul style="list-style-type: none">• Øve på å sjå på eigne og andre sine kjensler. Eg er glad, trist, lei, sint og liknande• Litteratur og songar• Rim og regler• Bruke konkretar i forteljingar og eventyr.• Uttaler oss tydelig med kroppsspråk og tale• Vaksne svarer med utfyllande setningar og gjentek barns svar på ein rektig grammatisk og fonetisk måte	<ul style="list-style-type: none">• Lytte til andre.• Øve på å løyse problem/konfliktar• Sette ord på kjensler og handlingar• Bøkar og songar• Rim og regler• Ein oppmuntrar barna til å fortelje om eigne tankar, kjensler og opplevingar	<ul style="list-style-type: none">• Bruke språket for å utrykke kjensler, ynskje og erfaringar, til å løyse konfliktar.• Gje rom for å skape positive relasjonar i leik og kvardags situasjonar.• Bruke boka Trampoline• Erfaring med tal• Kjenne igjen enkelte bokstavar

Antall, rom og form

Barn er tidlig opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, dei argumenterar og er på jakt etter samanhengen. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barn sin matematiske kompetanse.

1-2 år	3-4år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Bli kjend med ulike former• Gjere seg orientert i barnehagen sine lokaler(romfølelse)• Kjennskap til likheitar og ulikheitar• Teljeregler(fingre, tær ...)• Omgrep: Stor-liten	<ul style="list-style-type: none">• Opplive glede over å utforske og leike med tal og former• Konstruksjonsleik, byggjing med eksempel klossar, duplo, tre...• Utvikle forståing for ulike geometriske former og storleikar• Sortering, samanlikning	<ul style="list-style-type: none">• Gje barn forståing av mengde og måling• Opplive glede over å utforske og leike med tall og former• Klassifisering, ordning, sortering og samanlikning• Få erfaring med ulike typer mål, einheiter, avstandar, vekt, volum og tid• Bruke boka Trampoline

Kropp, bevegelse og helse

I løpet av småbarnsalderen lærer barn seg grunnleggjande motoriske ferdigheiter, kroppsbeherskelse, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ivareta helse og livskvalitet. Barn er kroppslege aktive og dei uttrykker seg mye gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barn verda og seg sjølv å kjenne. Barns kontakt med andre barn starter ofte med signal med kroppen og i aktivitet.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Få ein positiv sjølvopfatning gjennom kroppsleg meistring• Gje barn tid og rom til "tumbleleik"• Få erfaring med ulike typer underlag• Gje barn gode erfaringar med uteliv til ulike årstider• La barn få veksle mellom aktivitet og kvile• Gode rutinar rundt måltidet. Bordvers, faste plasser, samtaler	<ul style="list-style-type: none">• Turar i skogen, leikeplassar ...• Etablere gode hygiene rutinar• Sjølstende i forhold til toalett besøk• Forsette på gode rutinar rundt måltidet. Preke saman, sende mat, vente på tur...• Smake på maten som blir servert	<ul style="list-style-type: none">• Gje barna meir kunnskap om sunne matvanar• Fysisk utfolding, klatring, lengre turar• Sykkel, ski etc.• Regelleik

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal tilrettelegge for at barn opplever kunst og kultur og til sjølv å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og å gjere eller skape noko felles, bidreg til samhøyring. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk kan barnehagen gjev barn eit mangfald for sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemnd, tenking og kommunikasjon.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Eksperimentering med teikning og maling• Song, dans, musikk, rytme vert ofte bruka• Ta i bruk enkle instrument• Bli kjend med ulike materiale	<ul style="list-style-type: none">• Vise interesse for ulike songar, herme etter• La barn utforske ulike formingsmateriell.• Vere i en skapande prosess	<ul style="list-style-type: none">• Dramatisere eventyr og songar• Lytte til musikk• Song og dans• Høgtlesing

Natur, miljø og teknikk

Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Naturen er ei kilde for fantasi og kan gje inspirasjon til estetiske uttrykk. Fagområdet skal bidra til at barn blir kjend med og får forståing for planter og dyr, landskap, årstider og ver.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Bruke sansane (føle, ta, sjå og høyre)• Oppleve dei ulike årstidene• Undre seg over fenomen i naturen• Enkle forsøk• Sjå på fuglar og andre dyr i naturen	<ul style="list-style-type: none">• Gje barn opplevingar som tek for seg det som kjenneteikner dei ulike årstidene• Sjå at frø kan spire og gro• Gleda over å ferdes i naturen• Lavvo og bål på tur• Mat på bålpanne	<ul style="list-style-type: none">• Innsikt i miljøvern(kildesortering)• Få erfaring med teknikk i kvardagen• Trafikksikkerheit• Fyrstehjelp• Få erfaring med rotning av ulike frukr, grønt, brød...